

leiar

Det siste valet

Kommunevalet i 2015 kan bli det siste valet for Bø kommune slik den er i dag. I alle fall om regjeringa får det slik den vil. I eit planforslag om kommunesamanslåing som regjeringa la fram i mai er føringane slik at alle kommunar i landet må bestemme seg for kva veg dei vil gå innan to år. Kommunane skal altså innan sommaren 2016 gjere vedtak på om dei vil slå seg saman med naboar eller ikkje. Seier dei nei, kan dei likevel bli slått saman om regionale omsyn blir vekta sterkare. Og jo tidlegare ein kjem i mål med samanslåingar, jo meir støtteordningar får dei nye kommunane.

Målet for regjeringa er at dei nye kommunane seinast skal tre i kraft ved nyttår 2020, men ein håpar at kommunevalet i 2019 skal bli eit val for dei nye kommunestyra. Det betyr at bøheringane faktisk stemmer for siste gong i kommunen Bø ved kommunevalet neste år.

Lokalt sjølvstyre blei innført i Noreg i 1837, sjølv om det langt frå gjaldt heile befolkninga. Stemmerettsreglane dette året var dei same som i Grunnlova frå 1814, der bare halvparten av mennene hadde stemmerett. Først i 1898 fekk alle menn stemmerett og det skulle bli 1913 før kvinnene fekk vere med.

I Bø var det lokalaval for første gong 8. september 1837. 17. desember same år kom formannskapet i Bø og Lunde saman til det første møtet. Ordføraren som blei valt i Bø heitte Gjermund H. Eikjarud.

Kommunegrensene til Bø har sett litt forskjellige ut til ulike tider, men stort sett har ikkje Bø vore ein stor kommune i utstrekning. I mange år har me stemt innanfor dei same kommunegrensene som me har i dag. Det kan bli for siste gong neste år. Etter det blir området truleg større og det blir kanskje fleire og meir ukjente representantar å velje mellom. Kanskje sit det ein sauhering og ein notodenmann og tek val på vegner av deg og meg i framtida, kanskje ikkje. Uansett, endring blir det etter all sannsynlegheit. Me får håpe at dei demokratiske prosessane fortsatt blir nok nær folket i ein eventuell ny og større kommune.

«Jo tidlegare ein kjem i mål med samanslåingar, jo meir støtteordningar får dei nye kommunane.»

Sandvoll har

Sandvoll barnehage er ti år i år. Det vart feira med ti meter sjokoladecake, eigen Sandvoll-song og sjørørvarshow. Barnehageeigar Mona Tveitan tykkjer det har vore spennande og givande.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Me har sommarfest kvart år, men i år blir det litt ekstra, seier pedagogisk leiar Gjermund Gjessing.

På sommarfesten får barna som skal slutte i barnehagen overlevert ein diplom og minne frå tida i barnehagen. Bø blad var innom under førebuingane. Barna øvde på ein eigen song om Sandvoll og sjølvstyre på songen til Kaptein Sabeltann. På festen onsdag ettermiddag stod ti meter med sjokoladecake på menyen. Dessutan kom det ei teatergruppe med eit sjørørvarshow.

Behov for plassar

– Det var behov for utbygging av fleire barnehageplassar og Bø kommune såg ikkje korleis den skulle få det til. Alle skulle få rett til barnehageplass og staten la føringar for korleis det skulle skje.

Det fortel Mona Tveitan, eigar av barnehagen og styreleiar.

Ho var interessert i å starte opp med privat barnehage. I ei samtale med dåverande ansvarleg for barnehagesektoren i Bø kommune, Helge Vreim, bad ho om å få tenke over det nokre dagar og snakke med mannen, Rune. Det vart ja og ho sette i gang. Det gjekk raskt.

Så vidt ho hugsar vart den formelle søknaden sendt i mai. 23. november same år vart spaden sett i jorda.

– Det gjekk veldig greitt. Kommunen var veldig velvillig. Den såg behovet og me har fått mykje støtte, seier Tveitan.

– Det har gått greitt å drive. Eg

har ikkje noko å samanlikne med, men det har vore moro og spennande, det skjer ein del innanfor sektoren, held ho fram.

Uoversiktleg å drive

Tveitan seier det har vore utfordrande, men det har vore greitt å halde seg til kommunen. Den har halde seg innanfor lovverket. Det har ikkje vore tull slik ein høyrer om andre plassar.

Rekneskapen for 2012 viser at barnehagen går med eit overskot på litt under 700.000 kroner. Det er det absolutt beste så langt. Elles har resultatet ofte vore rundt 200.000 kroner i pluss. Berre i to år har barnehagen gått med underskot, første året og i 2007, då med 7.000 kroner.

– Har det vore vanskeleg økonomisk å drive?

– Det er ustabile støtteordningar så ein veit ikkje kva ein har å drive for før i mai. Eg skulle ønskje ein visste det før slik at ein kunne planlegge meir, seier Tveitan.

Ho angrar ikkje på at ho sette i gang for ti år sidan.

– Det har vore spennande og givande arbeide med mange dyktige folk, dei er eg stolt av, seier Tveitan.



Jubileumskake. Ti år krev ti meter med sjokoladecake.

Foto: Sandvoll barnehage

Bøblad

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:
Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Marknadsansvarleg:
Anders Strand Moripen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no



Frilansarar:
Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Junliang Vestgarden
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til

vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt.
Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementprisar:
Halvår kr 490,- heilår kr 820,-
Studentab. kr 490,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:
Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS

Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55